



Jegerinformasjon 2025

Jakttider og reglar:

Jakttid Nordfjella f.o.m. 20. august t.o.m. 20. september.

Jakttid Hardangervidda (Nord for RV 7) f.o.m. 20. august t.o.m. 21. september.

Jakttid Hardangervidda (Sør for RV 7) f.o.m. 20. august t.o.m. 21. september.

Nattefreding mellom 19.00 og 07.00.

Jegerar må forhalde seg til alle offentlegrettslege reglar med omsyn til krav for å gå på storviltjakt. Du skal ha med deg: jaktkort, våpenkort i original, jegeravgiftskort med dokumentasjon på avlagt skyteprøve og evt. avtaler om utlånserklæring av våpen, samjakt og jaktlagsavtale. Du finn meir informasjon om dette på inatur.no, Ulvik statsallmenning – storviltjakt – utanbygdsbuande. Viktig informasjon vert forløpande lagt ut på denne sida i god tid før jaktstart.

Samjakt:

På Hardangervidda villreinområde har Ulvik fjellstyre inngått gjensidig samjaktavtale med Osa/Sævartveit privat og Slondal, Dalen og Brauåne grunneigarlag. Avtalen gjeld for heile jaktperioden. Desse områda ligg sør og vest for Hallingskeid sør for elva Moldo. Desse avtalane finn du på inatur.no, Ulvik statsallmenning – storviltjakt - utanbygdsbuande. Utanbygdsjegerar som som innehar kort HA291, kan berre nytta desse på Osafjellet sør for Rallarvegen og Moldo, inklusiv områder som overnevnte samjaktavtalar dekkar.

På Nordfjella villreinområde har Ulvik fjellstyre inngått gjensidig avtale med Osa/Sævartveit privat. Sjå kart på inatur.no der dette område er innlemma i statsallmenningen. Området ligg nordaust, nord og nordvest for Hallingskeid på nordsida av elva Moldo. Det er inngått samjaktavtale mellom Ulvik fjellstyre og Hol fjellstyre. Avtalen ligg på inatur.no.

Jaktlag:

Sjå informasjon om dette på inatur.no, Ulvik statsallmenning – storviltjakt – utanbygdsbuande evt. innanbygdsbuande.

Kjeveinnsamling:

Sjå informasjon om dette på inatur.no, Ulvik statsallmenning – storviltjakt - utanbygdsbuande.

Merka dyr:

I Nordfjella og Hardangervidda villreinområde går det fleire dyr med klave rundt halsen. Denne klaven kan ha ulike fargar, men er lett synleg. I denne klaven er det montert GPS-utstyr som gjer at forvaltninga og forskinga kan fylgje dyra. Denne informasjonen er svært viktig for forvaltninga av reinstamma. Dyr med slike sendarar må ikkje skytast! Skulle det likevel skje, må sendaren takast vare på utan å skada denne. Den må utan opphald leverast til fjelloppsynet. Det same gjeld om ein slik sendar vert funnen i terrenget.

Skrantesjuka (CWD):

Jegerane er pålagt å ta hjerne- og lymfeprøve av alle felte dyr, herunder innsending av prøvar. Prøvetakingsutstyr blir sendt ut i lag med korta. Metoden for prøvetaking og informasjon om innsending av prøven er skildra i papira som ligg saman med prøvetakingsutstyret. Det er særskild viktig av du som jeger set deg godt inn i korleis prøven skal takast, og korleis du skal registrere denne i etterkant i appen Sett og skutt eller Hjorteviltregisteret. Sjå også informasjon på denne nettsida: <http://www.villrein.no/cwd/>

NB! Ulvik fjellstyre eller fjelloppsynet skal IKKJE ha tilsendt/levert prøvar. Dette kan berre leverast gjennom ferdigfrankert konvolutt som følgjer med prøvetakingsutstyret.

Viktig informasjon vert forløpande lagt ut på sida inatur.no, Ulvik statsallmenning – storviltjakt – utanbygdsbuande i god tid før jaktstart.

Kontaktinformasjon:

Oppsynssentralen: 815 32 450

Ulvik Fjellstyre: ulvik@fjellstyrene.no

Fjelloppsyn: Ole Rune Røkenes: 949 78 534

Hardangervidda Fjelloppsyn: 949 78 534

Meldingar om dyreobservasjonar i Nordfjella og Osafjellet:

Facebooksida – Nordfjella Villreinoppsyn

Alle kort, brukte og ubrukne skal vera Ulvik fjellstyre i hende seinast 5 dagar etter jaktslutt – dvs. innan 26. september 2025.

Korta sender du til: **Ulvik fjellstyre, Postboks 2, 5731 Ulvik.**

GOD JAKT!